



VENSTRE



På lag med
framtida.



**” Skulen er
vår forsikring
for framtida.**

Trine Skei Grande
Leiar





Alt startar i skulen.

**Ungar lærer meir når dei har det bra. Ein god skule er ein skule der ungane trivst.
Alle ungar fortener lærarar som gjev dei moglegheit til å skape si eiga framtid.**

Vi vil:

- ✓ la læraren bruke meir tid på elevane og mindre på byråkrati
- ✓ styrke lærarane med meir vidareutdanning
- ✓ at ungar som fell utanfor skal få hjelp tidleg
- ✓ gje gratis barnehage og SFO til dei familiene som treng det

venstre.no/skole



Ta vare på naturen.

Vi bur i eit land med fantastisk natur. Den har lagt grunnlaget for vår velferd. Men naturen er sårbar. Difor vil Venstre ta vare på miljøet. Vi vil gjere det enkelt og billeg å leve miljøvenleg.

Vi vil:

- ✓ jobbe for eit reint hav, fritt for plast og boss
- ✓ halde Lofoten, Vesterålen, Senja og Mørefeltet oljefritt for all framtid
- ✓ ha fleire miljøvenlege bilar, og billigare buss og bane
- ✓ ta vare på dei store rovdyra og avvikle pelsdyroppdrett

venstre.no/miljo



“ Det handlar
om dei som
kjem etter oss.

Ola Elvestuen
Nestleiar





**„ Du skal vere
stolt av å skape
ein jobb til deg sjølv
og nokon til.**

Terje Breivik
Nestleiar





Fleire nye jobbar.

**Det må bli enklare å skape arbeidsplassar der du bur.
Venstre støttar gründerar og småbedrifter. Dei som vågar å satse skal ha same rettar som andre arbeidstakrar.**

Vi vil:

- ✓ gje sjølvstendig næringsdrivande lik rett til sjukepengar og pensjon
- ✓ fjerne arbeidsgjeveravgifta for nye bedrifter
- ✓ ta bort unødvendige reglar og skjema for småbedrifter
- ✓ gjere det lønsamt å investere i nye arbeidsplassar

venstre.no/arbeid



Venstre er Noregs sosialliberale parti. Vi vil at våre born og barneborn skal ha minst like gode og trygge liv som vi har i dag.

Difor er Venstre på lag med

framtida.

Kva er DU oppteken av?

Fyll inn, så sender vi deg meir informasjon.

E-post

Postnr.



VENSTRE